



Raymond Haugland
Røssnesvegen 191
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8020 - 20/19665

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
16.04.2020

Førebels svar på søknad om tilbygg - gbnr 420/52 Utsylta

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 420/52
Tiltakshavar: Raymond Haugland

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.04.2020 og saka har saksnummer 20/8020.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden	12 veker

ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekerfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Raymond Haugland

Rossnesvegen 191

5937

BØVÅGEN

Mottakarar:

Raymond Haugland

Rossnesvegen 191

5937

BØVÅGEN